

Rekneskap for 2013 og budsjett for 2014

Dei økonomiske ressursane til Institutt for framandspråk blir overført til oss hovudsakleg gjennom tre kanalar:

- 1) Størsteparten av ressursane våre er løn til faste stillingar og universitetsstipendiatar, og budsjettet for desse stillingane ligg på fakultetet. Spørsmålet om nye faste stillingar blir avgjort av fakultetet, som legg til grunn dei vedtekne bemanningsplanane for vitenskaplege og administrative stillingar. Når det gjeld universitetsstipendiatar, har fakultetet sett av ein kvote for kvart institutt. IF har ein kvote på femten stipendiatstillingar og får lysa ut nye stipendiatstillingar når nokon av stipendiatane våre er ferdige med tilsetjingsperioden sin.
- 2) Instituttet har dessutan eksternfinansierte og eksternstøtta prosjekt, der midlane ligg utanom sjølv driftsbudsjettet til instituttet. Den forventa samla omsetnaden på denne bidrags- og oppdragsforskinga (BOA) ved IF i 2014 ligg i overkant av 18 millionar kroner. Til samanlikning er den tilsvarande summen ved dei andre institutta ved HF 26 millionar ved LLE, 22 millionar ved AHKR, 5 millionar ved Institutt for filosofi og førstesemesterstudium, 3 millionar ved Senter for vitenskapsteori og 1 million ved Griegakademiet. Dei største BOA-prosjekta ved IF er for tida Dei nasjonale fagprøvene i engelsk, CONVAR, LINGCLIM, POLAME, Modernism and Christianity og NOMA.
- 3) Driftsbudsjettet ved instituttet er dei pengane instituttet sjølv disponerer direkte. I prinsippet står vi temmeleg fritt til korleis vi brukar desse pengane. I praksis er likevel størsteparten av midlane bundne opp til meir eller mindre faste utgifter. Den klart største utgiftsposten er løn til vikarar, sensorar og andre mellombels tilsette. Sidan det er driftsbudsjettet rådet skal vedta, er det denne delen av økonomien som er hovudsaka i det følgjande.

I. Rekneskapen for 2013 og overføringar til 2014

Instituttet har fått overført eit overskot på 937 000 kroner frå 2013 til 2014. Størsteparten av dette er øyremerkt og kan derfor ikkje disponerast fritt. Dei øyremerkte overføringane fordeler seg slik:

Overførte driftsmidlar til stipendiatar	476 000 kroner
SPIRE-midlar, Læg Reid	75 000 kroner

Av overføringane frå 2013 er det med andre ord 386 000 kroner som ikkje er disponerte.

Dette kan synest som eit greitt resultat. Dersom ein samanliknar med årsskiftet 2012/2013, gjekk IF inn i det nye året med øyremerkte (bundne) midlar som var større enn overføringa. Men her er det viktig å merka seg at den einaste grunnen til at IF kjem ut av 2013 med ein positiv balanse er at instituttet fekk overført eit stort akkumulert overskot frå vidareutdanninga: 1 961 700 kroner frå Nettspansk, 242 000 kroner frå innføringskurset i spansk og 246 200 frå vidareutdanninga i kinesisk. Instituttet har altså fått tilført store ekstraordinære inntekter i 2013, og nesten alt er gått med til å finansiera den ordinære drifta.

Det oppsamla overskotet frå vidareutdanninga er samla opp ved SEVU over fleire år. Vi vil ikkje få inn tilsvarande summar frå vidareutdanninga framover, sjølv om vi reknar med eit visst årleg overskot. Hovudproblemet for IF er at vi har for høge utgifter til vikarar, sensorar og andre mellombels tilsette. Dette har toppa seg med særleg høge utgifter i 2013. Til saman gjekk 6.1 millionar av eit totalbudsjett på knapt ni millionar til løn og honorar – dvs. til vikarar, timelærarar, toarstillingar, sensorar og liknande som instituttet sjølv måtte dekkja. Dei to største enkeltpostane var vikarar (om lag 4 millionar) og sensur (1 million). I tillegg til denne allereie høge summen på vel seks millionar kjem ekstra utgifter til sosiale kostnader. Enkelt sagt legg fakultetet til grunn at 30 prosent av driftsbudsjettet til instituttet går til lønsutgifter, og fakultetet dekkjer dei sosiale kostnadene som følgjer desse utgiftene. Men institutta må sjølve dekkja dei sosiale kostnadene til den delen av lønsutgiftene som går ut over desse 30 prosentane. Dermed blir dei negative følgjene av det store behovet vårt for vikarar og timelærarar forsterka. Bruken av vikarar, timelærarar og sensorar er derfor eit hovudproblem for instituttøkonomien framover. Desse utgiftene må reduserast samanlikna med forbruket i 2013. Samstundes er det krevjande å få dette til samstundes som vi skal halda høg kvalitet i undervisninga og ta vare på den kontrollen instituttet har greidd å etablera med undervisningsrekneskapen. Eit døme her er engelsk fagdidaktikk, ein disiplin som over lang tid har vore klart underbemanna, og der ein stor del av utgiftene til ekstra vikarar og professor II-ordning må dekkjast av instituttet.

III. Driftsbudsjett for 2014

Det er ei hovudutfordring for instituttet å redusera utgiftene til løn og honorar. For det første må ein, så langt det er forsvarleg, halda bruken av undervisningsvikarar på eit moderat nivå. Dessutan arbeider instituttet for å få fakultetet til å ta på seg nokre av lønsutgiftene knytt til undervisning, som det synest urimeleg at instituttet skal ha (m.a. utgifter til vikarar og professor II på engelsk fagdidaktikk og utgifter til språkpædagogane på russisk, som no er blitt fast tilsette).

Drifta av den studentfinansierte vidareutdanninga ved instituttet (spansk og kinesisk) er halde utanfor budsjettet nedanfor. Dette undervisningstilbodet er under omlegging, og fakultetet har budsjetttert etter ein ny modell i 2014. Det økonomiske ansvaret kviler på instituttet, men også ut frå den nye budsjettmodellen ser det ut til å bli eit overskot av kursa også i 2014.

INNTEKTER

Resultatmidlar	3 981 500
Programsensur (honorar)	270 000
Programsensur (reiser)	50 000

HMS- tiltak	100 000
Driftsmidler til 17 stipendiatar	408 000
Driftsmidler til instituttet for stipendiatane	442 000
Driftsmidler til 1 postdoktor	24 000
Driftsmidler til instituttet for postdoktor	26 000
Smådriftsmidler	606 900
Smådriftsmidler, ekstraløyving	120 000
Vikarmidler for instituttleiar (full vikardekning)	424 000
Vikarmidler arabisk V14, 50 prosent lektor	106 000
Vikarmidler arabisk V14 og H14, Talay	212 000
Vikarmidler engelsk V14, etter Halverson	106 000
Vikarmidler engelsk H14, etter Halverson	106 000
Vikarmidler brasilkunnskap V14, ny stilling	106 000
Vikarmidler brasilkunnskap H14, ny stilling	106 000
Vikarmidler spanskamerikansk litteratur V14	106 000
Frikjøp (CONVAR) V14 og H14, McCafferty	212 000
Frikjøp (LINGCLIM) 2013 og 2014, Fløttum	222 857
Frikjøp (Voices of Translation) for 2013, Johnsen	170 250
Frikjøp Chiquito (NOMA), V10-H14 (764 timar)	215 000
Frikjøp Lunde (Wissenshcaftskolleg) H14	102 000
Fagerbergpengar (påskjøning for publisering)	180 000
Overførte midlar frå 2013:	937 000
Til saman	9 339 507

UTGIFTER

Programsensur (honorar)	270 000
Programsensur (reiser)	50 000
HMS-tiltak	100 000
Driftsmidler til stipendiatane (2014)	408 000
Driftsmidler til stipendiatane (overførte frå 2013)	476 000
Driftsmidler til postdoktor	24 000
Driftsmidler til instituttleiar	110 000
Driftsmidler til forskingskoordinator	20 000
Driftsmidler til undervisningskoordinator	20 000
Vikar for instituttleiar	424 000
Vikarar til undervisninga på faga	4 000 000
Sensorhonorar	1 000 000
Driftsmidler til fast vitenskapleg tilsette	141 000
Instituttstøtte forskning og publisering (november)	130 000
Instituttstøtte forskning og publisering (mars)	300 000
Instituttstøtte til gjesteforelesarar	50 000
Instituttstøtte til ymse søknader	100 000
Instituttstøtte til forskingsopphald for stipendiatar	300 000
Instituttstøtte til feltarbeid for masterstudentar	35 000
Smådriftsmidler	606 900
Smådriftsmidler, ekstraløyving	120 000
Fagerbergpengar	180 000

Halvparten av overskotet på kinesiskkurs i 2013	120 000
SPIRE-midler Lægreid (overføring frå 2013)	75 000
Ulike driftsutgifter	1 200 000
Til saman	10 259 900

Dette betyr at budsjettet for 2014 er sett opp med ein minus på 920 000 kroner. Blir årsresultatet nokolunde slik, må instituttet ta med seg ein minus som legg klare bindingar på budsjettet i 2015, og først og fremst på kor mykje vi kan disponera til innleigde vikarar o.l. Det høyrer med til biletet at den resultatbaserte tildelinga til instituttet har vist ei negativ utvikling dei siste par åra: frå 5.2 millionar i 2012, 4.1 millionar 2013 til litt under 4 millionar i år.

Det er òg grunn til å minna om at det framleis er ein del usikre faktorar når det gjeld 2014. Vi veit enno ikkje kva som blir av negative eller positive overføringar mellom instituttet og BOA-prosjekta. Instituttet vil følgja opp arbeidet for å få fakultetet til å ta på seg dei lønsutgiftene vi meiner det er urimeleg at instituttet må dekkja. Vi må samstundes ta opp igjen spørsmålet om dekning av sosiale kostnader på lønsutgiftene som går ut over 30 prosent av resultattildelinga. Ut frå erfaring veit vi likevel at dette spørsmålet er det vanskeleg å nå fram med vis-a-vis fakultetet. Sannsynlegvis vil det bli eit visst overskot på drifta av vidareutdanninga, men dette bør eigentleg pløyast tilbake igjen i utviklinga av tilboda. Uansett vil det vera viktig å halda nede utgiftene først og fremst til innleigde vikarar og lærarar hausten 2014, og planlegginga av undervisninga i 2015 må ta utgangspunkt i ein svært moderat bruk av innleigde.

Arve Kjell Uthaug,

11. juni 2014

VEDLEGG: Rapport over utgiftene i 2013